

Årsmelding for 2017 – mannskoret Ågapet

Årsmøtet for 2016 vart halde 27/2 2017 her i øvingsromet. Tore Midtsund er kasserar, Tore Skaug heldt fram som leiar og Leif Roholdt som sekretær. Geir Notodden tek seg av IT arbeidet og marknadsfører oss på facebook og med heimeside. Adressa på heimesida er: agapet, passord: 3850 kviteseid. Det er særst viktig i dag å markedsføre koret både for rekruttering og for å få oppdrag. Geir har gjort ein framifrå jobb med å få oss på «lufta» og det er mange som lyttar, kommenterar og skryter av det vi presterar.

Koret har hatt 15 betalande medlemmer og kontingenten vart sett til kr 1000,-
Koret har fått to nye medlemmer dette året, noko vi er særst glade for. Jon Funner som førstebass og Reidar Skogheim som andretenor.

Øvingar: Det har fungera bra med ny tid for øving frå 1900 til 2100, og det synest fungere bra med ei kaffepause på midten. Vi er glade for at Stan Blackburn held fram som dirigent. Han er vital og ein stor inspirator for oss litt tilårskomne. Han har god hørsel, men bør vurdere å gå til Specsavers. Eit utvida styre var på ei samling for kor i Vestfold / Telemark i regi av Korforbundet. Det var mykje fokus på tilhøvet kor – dirigent, og vi reiste heim i forvissning om at vi var heldige som hadde Stan som dirigent.

Styremøter: Vi har hatt 2- 3 styremøter. Det viktigaste var om vi skulle lukkast med å få til samling i Oslo med Hagebykoret. Det synt seg uråd å få dette til å passe for begge kora. Det er utarbeida ei liste over dei sangane vi kan best, og dei vi skal forbetre oss på for kvar termin.

Konsertar / framføringar: I år hadde vi ei hyggeleg samkome i **Morgedal** på 17. mai der vi song nasjonale songar og elles frå reportuaret vårt. Bygdefolket sluttar opp om dette og vi fekk framifrå servering. Den 26. mai song vi ved opninga av **Grimdalstunet**. Den 3. juni song vi på bygdedagen i **Fyresdal** og fekk veldig gode attendemeldingar derifrå. Den 7. desember deltok vi på adventskonsre i **Vrådal kyrkje**, og tredje sundag i advent var vi med på den tradisjonelle julekonserten i **Kviteseid kyrkje** med to nye songar.

Vrådal, 30. januar

For styret Leif Roholdt